

Møtoreferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Til stades: Linn Bæra, Grete Müller, Elisabet B. Salte, Kari Toftøy-Andersen, Merete Hauge, Jostein Bildøy, Henrik Aasved, Lene Nilsen (vara for Gunnar Ekeland), Karl Olaf Sundfør.
Kristin O. Lexow, HV RHF (ref.)

Forfall: Kristoffer Skjolden, Gunnar Ekeland

Møteleiar: Linn Bæra

Møtedato: 06.11.2017

Klokkeslett: 09.45-14.45

Møtenr: 8/17

Møtestad: Helse Vest RHF, Møterom Kjerag

Saksnr	Emne	Ansvarleg
68/17	<p>Godkjenning av innkalling, og melding av eventuelt-saker</p> <p>Det blei meldt sju eventuelt-saker i møtet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kort info - Nasjonal register for leddproteser 2. Rutinesvikt knytt til prøvesvar og bilde som blir liggjande lengje utan å bli følgt opp 3. Informasjon om temamøte brukarmedverknad og forsking 4. Problematikk knytt til heimsending av utskrivingsklare pasientar 5. Finansiering av langvarig og kompleks kommunal rehabilitering 6. Informasjon om brev frå Brukerhuset for Helse Fonna-regionen (BH) til RBU med ønskje om at RBU skal fremme ei sak til Helse Vest om auka finansiering av BH 7. Innspel til rapport CPS/ME-nettverk 	Leiar Linn Bæra
69/17	<p>Referat frå førre møte i RBU</p> <p>Ingen kommentarar</p>	Leiar
70/17	<p>Deltaking i prosjekt/arbeidsgrupper</p> <p>Førespurnad frå Helse Stavanger om brukarrepresentantar til to arbeidsgrupper som skal jobbe med fagrevisjonar. Hensikta med fagrevisjonar er å sikre ein felles fagleg praksis i tråd med vedtekne faglege retningslinjer:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Oppfølging av diabetes for ungdom mellom 14 og 18 år. Revisjonsgrunnlag: Nasjonal faglig retningslinjer for diabetes. 	Leiar

	<p>RBU nemna opp Gunnar Ekeland til denne arbeidsgruppa</p> <p>2. Behandling av rusmiddelproblem og avhengighet hos barn/unge opptil 18 år. Revisjonsgrunnlag: Nasjonale faglege retningslinjer for behandling og rehabilitering av rusmiddelproblem og avhengighet</p> <p>Karl Olaf Sundfør ønskjer å delta her avhengig av dato for møta.</p> <p>Regionalt prosjekt: «Overgangen mellom sjukehus og privat rehabiliteringsinstitusjon».</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lene Nilsen er interessert i å delta her. - Linn Bæra hører med Else-Berit <p>Ingvaldsen om ho også har anledning til å delta her.</p> <p>«Vel-hjem-prosjektet». Dette ble tatt opp i RBU-møte tidlegare i haust, og det er ønskje om ein brukarrepresentant i prosjektgruppa/referansegruppa. RBU nemna opp Jostein Bildøy.</p>	
71/17	<p>Gjennomgang av aktuelle styresaker til styremøtet i Helse Vest den 10. november</p> <p>Følgjande styresaker blei gjennomgått. Sjå styresakene for meir informasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Budsjettprosessar er på agendaen i alle styra i helse Vest - Rapportering frå verksemda i samband med ventetider, fristbrot, korridorpatientar, epikrisetider, sjukefråvæ, økonomi i føretaka, lågare inntekter knytt til H-resept og lågare ISF-inntekter knytt til overgang frå døgn- til dagbehandling (sak 104/17). - Bruk av tvang i psykisk helsevern (per 1000 innbyggjar i opptaksområdet, sak 104/17). <p>Andre saker under adm.dir. orientering:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Innføring av ForBedring i Helse Vest. Plan for ei nasjonal undersøking som omfattar pasienttryggleikskultur, Helse, Miljø og Sikkerhet (HMS) og arbeidsmiljø (Medarbeidarundersøkinga) med tanke på betre samordning av desse 	Kommunikasjonsdirektør Bente Aae

	<p>undersøkingane (sak 103/17, pkt. 7).</p> <ul style="list-style-type: none"> - Oppstart av eit regionalt prosjekt for å vurdere funksjonsfordeling innan kreftkirurgi i regionen (sak 103/17, pkt. 5). <p>Sak 105/17 om regional fødeplan – Linn Bæra har vore med i arbeidet med planen, og informerte kort om arbeidet og kva område som det er sett særleg fokus på (mellom anna ferieavvikling, utskriving og samordning).</p> <p>Orienteringssak 112/17 om pasienttryggleiksprogrammet, og status for dei ulike programområda.</p>	
72/17	<p>Orienteringar/brev til/frå brukarutvalet Møte med HOD 1. november</p> <p>1. Linn Bæra refererte frå møtet med HOD. Tema brukarutvala drøfta særleg var:</p> <ul style="list-style-type: none"> • KOLS • Rehabilitering/habilitering • Helsemessig beredskap særleg ift medikament • H-resept (biologiske legemidler) • Søsken som pårørande <p>2. Gjennomgang av høyringsuttale i samband med Helsedatautvalgets rapport 2016-2017 «Et nytt system for enklere og sikrere tilgang til helsedata».</p> <p>I møtet blei det kommunisert behov for nokre tilføyingar til høyringsuttalen særleg knytt opp mot personvern og sikkerheitsnivå, og oppdatert høyringssvar er lagt ved</p> <p>Linn er med i planleggingen av den nasjonale helseregisterkonferansen, og vil spille inn dette med personvern og nivåssikkerhet som et aktuelt tema på denne konferansen</p>	Leiar Linn Bæra
73/17	<p>Orientering om plan for internrevisjon Presentasjon ved leiar for Internrevisjon i Helse Vest (presentasjon lagt ved</p> <p>I møtet blei status for internrevisjon i Helse Vest presentert, og RBU er invitert til å komme med innspel til nye tema.</p> <p>Presentasjon av to av internrevisjonsrapportane:</p>	Bård Humberstet

	<p>1. Oppfølging av regionale planar – dvs. planar som har rekkevidde i heile regionen, og kva regime ein har for å følgje opp desse planane.</p> <p>2. Forskingsaktiviteten i Helse Vest – korleis er brukarmedverknad organisert i forskingsprosjekta våre? Når det gjeld brukarmedverknad så viser rapporten at det har vore ei auke i brukarmedverknad i søknadene frå 20% i 2014 til 45% i 2016.</p> <p>Område det vil bli fokusert på i 2017-2018 er mellom anna:</p> <ul style="list-style-type: none"> • kontraktsstrategi og avtaleoppfølging knytt til IT-anskaffingar (IT-system) • samarbeidsprosjekt i utviklingsland • IKT-tryggleik (ikkje starta opp enno) • matforsyning • avansert oppgåveplanlegging • avtalelojalitet i helseføretaka knytt til innkjøp • internkontroll og risikostyring – ny forskrift om internkontroll trådde i kraft den 1. januar 2017, og ein vil sjå på korleis denne er følgt opp i føretaka <p>Innspel frå RBU til internrevisjonstematikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Registreringar generelt i sjukehus skjer ofte på ulik måte, og pasienttryggleiken kan setjast i fare (sepsistilsyna er eit døme på dette). <p>Øvrige innspel RBU til aktuell tematikk vil bli oversendt internrevisjonen i etterkant.</p>	
74/17	<p>Oppfølging av saker fremma for styret 2. oktober Agenda frå 2. oktober var lagt ved.</p> <p>Styret har bedt om at RBU følgjer vidare opp dette med samval. Det er stor variasjon i helseføretaka både nasjonalt og regionalt på bruk/tema for samvalsverktøy. RBU vil gjerne bidra, men treng hjelp frå administrasjonen i Helse Vest for å kunne komme vidare. Linn Bæra sender ein førespurnad til administrasjonen om dette</p> <p>Når det gjeld nettverk for pasientrapporterte data blei det i møtet fremma forslag om å få inn brukarmedverknad her. Det bør vere fleire spørjeskjema som går på det einskilde</p>	Leiar Linn Bæra

	fagfelt/avdeling på korleis pasientar opplev opphaldet (type quest back). RBU ønskjer å delta aktivt her for å kunne påverke/utvikle kvalitetstyringshjul.	
75/17	'RBU si time' RBU sin time bør bli nytta til å drøfte saker til komande styremøte, og førebuing av innspel som RBU ønskjer at leiar eller nestleiar skal fremme i møtet.	Leiar
76/17	Orientering om Pasientreiser Oppfølging frå sist møte. Grete Müller er brukarrepresentant i Pasientreiser HF sitt brukarutval, og gikk igjennom aktuelle saker som har vore drøfta her med omsyn til <ul style="list-style-type: none"> - ordlyd i Pasientreiseforskriften - godtgjersle av pasientreiser med fergje - «Reise med to ledsagere» 	Nestleiar Grete Müller
77/17	Eventuelt 1. Jostein Bildøy- informerte om at det er lagt opp til fleire enn eitt møte i året, som det i utgangspunktet var lagt opp til, i leddproteseregisteret. 2. Henrik Aasved ønskjer at Helse Vest på eit seinare RBU-møte gjer greie for korleis helseføretaka sikrar seg mot at alvorlege feil oppstår. Sekretær for RBU vidaresender bestillinga til rett instans i Helse Vest. 3. Henrik Aasved- Informasjon om åpent temamøte om brukarmedverknad i forskning på Vardesenteret på Haukeland 9. november 2017. 4. Grethe Müller- informerte frå Pasientsikkerhetskoneransen i Oslo i haust, der eitt av innslaga handla om at det ikkje er gode nok utskrivingsprosessar knytt til multisjuka eldre pasientar. Undersøkingar viser at berre 1 av 10 pasientar fekk ein utskrivingsamtale, og at talet på re-innleggingar går opp. RBU meiner det er behov for sjekklister i samband med utskrivning, og forslo at dette kan takast opp med styret i Helse Vest, og også spelast inn i prosjektet Vel Hjem, der Jostein Bildøy deltar. 5. Grete Müller/Karl Olaf Sundfør har motteke ein e-post datert den 5. november 2017 frå Brukerhuset for Helse Fonna-regionen (BH), der BH ber RBU	

	<p>fremme ei sak til Helse Vest om auka finansiering. RBU konkluderte med at dette er ei problemstilling som høyrer heime i FFO-a, og at ein søknad om økonomisk støtte frå Helse Vest må komme frå dei brukerorganisasjonene dette gjeld. Grete informerer Brukerhuset om avgjerda.</p> <p>6. Lene Nilsen tok opp at det er ein økonomisk utfordring for pasientar i kommunal rehabilitering knytt til langvarig, kompleks rehabilitering, som til dømes etter eit hjerneslag. Lene Nilsen forbereder eit notat om dette til behandling i neste RBU-møte.</p> <p>7. Merete Hauge/Kari Toftøy-Andersen: Når det gjeld behandlinga av den regionale planen for CFS/ME så vil RBU bli orientert om tilbakemeldingane denne planen har fått, mellom anna knytt til brukarstemmen, og Linn Bæra vil følgje dette opp i styremøter.</p>	
--	--	--

Neste RBU-møte er den 07.12.2017 hos Helse Vest RHF på Forus kl. 09.45-14.45.